



Ny fleirfunksjonell kyrkje i tilknytning til gamal kyrkje
i Ulstein kommune.


Kandidat: Aslaug Birgitte Nordal

Veileder: Gro Rødne

NTNU vår 2014

Innhald

Oppåva	4	Vurderte tomter	40-43
Problemstilling	5	Tidlegare forslag	44-53
Behovet	6-9	Mål og meining	54-58
Staden	10-17	Prosess og Arkitekturfilosofi	60-61
Ulstein Kyrkje	18-35	Litteratur, kjelder og samtalepartnarar	62
Romprogram	36-39		



Oppgåva er å teikne

ny fleirfunksjonell kyrkje

på tomta til eksisterande kyrkje, samt undersøke moglegheitane
for den omliggjande, nedlagde kyrkjegarden.

i Ulsteinvik, i Ulstein Kommune.

Problemstilling:

Svaret på oppgåva skal vere eit bidrag til ei løysing på problemstillinga om auka plassbehov og modernisering av ei kyrkje med sterk identitetsverdi og historisk forankring.

1. Korleis kan ein med arkitekturen bygge bru mellom gamal kyrkjevarv og ny kyrkjebruk, og samstundes ære identitetsverdien og den historiske forankringa som kyrkja og kyrkjegarden i Ulsteinvik sentrum har?
2. Korleis kan arkitekturen vere med på å lette arbeidet for ei moderne og raus kyrkje, vere eit inviterande rom for alle og løfte fram det mangesidige arbeidet til kyrkja?

Ulstein kyrkje
- saman på ferda.


Behovet i Ulstein er reelt

I 2010 var det 7461 innbyggjarar i Ulstein kommune. I 2013 tel ein 8016 innbyggjarar, og alt tilseier at det kjem til å halde fram å vekse, både med positiv fødselsrate og med stor tilflytting. 21.05.2012 vart Ulsteinvik tildelt Staten sin pris for mest attraktiv stad i landet. Ulstein har mange stabile arbeidsplassar, særleg er det verfta som sysselset størsteparten av innbyggjarane. I Ulsteinvik sentrum bur det omlag 5000, og Ulsteinvik fekk bystatus i 2001.

88% av alle borna vert døypte, og kyrkja er forplikta til å gje 315 undervisningstimar for alle døypte mellom 0-18 år. Slik situasjonen er i dag, har kyrkja berre kapasitet til å tilby 80 timar. Konfirmantkulla er på mellom 80-110 ungdomar, og i 2013 måtte kyrkja halde 5 konfirmantgudstenester for å få plass til alle. Desse statistikkane er det ikkje mange kommunar som deler med Ulstein, då dei fleste tradisjonelle kyrkjer vert mindre og mindre besøkte.

Bruken av kyrkja er i endring. Ulstein kyrkje består i dag av eit gudstenesterom, og har ikkje rom for alle andre funksjonane kyrkja skal tilby. Soknet melder at dei ønskjar seg ei "folkestove" med kapasitet for 800 menneske. I tillegg kjem behovet for kontorlokalet for kyrkjekontoret, møtelokaler for soknerådet, undervisningsrom, lokaler for søndagsskule, kjøken for festar og kyrkjekaffi, musikkrom, kapell og kanskje også open barnehage.

Soknet vil sikre vidare aktiv kyrkjebruk, og ser då at ein må endre korleis kyrkja må fungere for å kunne vere eit realistisk tilbod for eit moderne folk. Det er mange lokale ressurspersonar som ønskjer å tilby ulike aktivitetar, omsorg og medmenneskelege tjenester. Dei vil sikre at kyrkja er med på veksten i kommuna, og at kyrkja kan få ei moderne drift og bruk som svarar til behova i samfunnet i dag.



*Guds kjærleik er
som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og
allheims rom.*

*Vi fridom fekk å bu der, gå og
koma,
å seia ja til Gud og seia nei.*


*Guds kjærleik er
som stranda og som graset,
som vind og vidd og jord og
allheims rom.*

Kyrkja skal vere ein stad som tek seg av dei svakaste i samfunnet, og det må vere enkelt å drive dette. Ulstein ønskjer å kunne samle funksjonane rundt kyrkjearbeidet til eit og samme bygg, slik at det er lettare å halde kyrkja opa. I dag står ulstein kyrkje mykje låst, i og med at alle tilsette i Ulstein sokn sit i andre lokaler. Kyrkja benyttar seg i dag mykje av Fredheim som er eit hus eigd av KFUK/KFUM. Her er det foreløpig rom for mange av tilleggfunksjonane som kyrkja har. Dette bygget ligg i svært kort avstand til kyrkja. Fredheim er gammalt, og har freda fasade og oppussing er difor vanskeleg. Bygget er svært dyrt å drive, og organisasjonen vurderar salg. Det er då tenkt at desse funksjonane skal inn i den nye fleifunksjonelle kyrkja.

Kyrkja må vere tydeleg med sitt arbeid, slik at det vert lett å bruke ho, og terskelen for å ta del i samfunnet vert lavare. Det meste av sorgarbeid skjer gjennom kyrkja, og redusering av einsemd i samfunnet er ei naturleg oppgåve for kyrkja. Kyrkja har også eit mykje større undervisningskrav, grunna stadig skiftande tilnærming til religionsundervisning i skulesystemet. Ulstein kommune er ei kommune i vekst, med mykje nytenking og utvikling. Ulstein kyrkje vil vere med på denne utviklinga, og det er tydeleg at det er eit skrikande behov for meir plass og ei omvelting av kva kyrkja kan tilby folket.







Ulstein kommune ligg i Møre og Romsdal.
Storleik: 97 km² .

Innbyggjarar: 8016 (pr. 01.07.2013)
mot 6742 (pr. 01.07.2003)

Aldersgruppa 20-40 år er i majoritet med 2050 personar.

Ulsteinvik er kommune- og regionsenter.
Ulsteinvik fekk bystatus 1. juli 2000.



Ulsteinvik sentrum i dag.



TEIKNFORKLARINGAR

- BARNE- OG UNGDOMSSKULE
- KJØPESENTER
- RÅDHUS
- KULTURHUS/HOTELL
- KYRKJE
- PRESTEGARD OG FREDHEIM
- OFFENTLEGE BUSTADAR

Planlagte prosjekt i Ulsteinvik sentrum.



Song til Ulsteinvik

*Som ei dronning millom møyar,
utmed havet der i vest
ligg du kransa av små øyar,
og i livd for storm og blest.
I mot sør i bakkehellet kringum
blenkjer våg og vik,
og mot nord i ly av fjellet,
der ligg bygda Ulsteinvik*

Tekst: Helge Saunes



Ulstein Kyrkje





Ulstein kyrkje ligg midt i sentrum med
rådhuset mot vest, tusenårsplassen og havet mot
sør, og prestegarden mot aust.




RADHUS

TUSENARS-PLASSEN

PRESTEGARD



SNITT A - A



SNITT B - B








Fra Riksantikvaren.no, Om listeførte Kyrkjer

“Alle de rundt 300 kirkene oppført mellom 1650 og 1850 betraktes som verneverdige og er derfor listeførte.

Listeført er også en rekke verneverdige kirker bygget etter 1850. Det er utarbeidet et eget rundskriv (T- 3/2000) som fastsetter forvaltnings- og saksbehandlingsrutiner for forholdet mellom kirkelig myndighet og Riksantikvaren når det gjelder de listeførte kirkene. Riksantikvaren skal uttale seg før det fattes vedtak som innebærer inngrep i/ endringer av listeførte kirker.

Konsekvenser: Alle inngrep i/ endringer av listeførte kirker skal avklares med Riksantikvaren.”



ULSTEIN KYRKJE
1100 - 1300

Den vesle, gamle steinkyrkja frå 1100-talet låg på den gamle storgarden Ulstein.

Om Ulstein kyrkje, skrive i “Sunnmørskyrkjene”;

“Det var tanken å flytte kyrkja til Ulsteinvik, og sokneprest Wraamann laga ei enkel teikning av ei åttekanta kyrkje som vart send inn til departementet. Bygningstømmer vart bestilt og lossa på Ulsteinøyra, og for å spare tid medan ein venta på svar vart råbygget tømra opp nede på øyra. Men svaret kom ikkje, og til slutt vart nykyrkja reist oppe ved den gamle kyrkja for å få bygget under tak før vinteren. Då kom endeleg svaret: Dei fekk løyve til å flytte kyrkja til Ulsteinvik, men Wraamann si teikning vart forkasta. Likevel: Gjort var gjort, og kyrkja vart ståande på Ulstein i 30 år til.

I 1877 kjøpte kyrkjelyden kyrkja frå dei private eigarane, og i 1878 vart kyrkja flytta til Ulsteinvik under leiing av byggmeisteren Gjert Lien frå Nordfjord. Ved flyttinga vart kyrkja utvida ved at dei vart bygd til eit eige kor mot aust, og eit større våpenhus mot vest. Det vart også reist eit heilt nytt tårn i nygotisk stil midt over taket på skipet, sjølv om mange heller ville ha eit tårn over våpenhuset. Tårnet fekk i 1967 tårnmur, eit uvanleg syn på desse kantar. Sakristiet vart utvida i 1961, og i 1968 vart våpenhuset forlengd med bårerom og toalett i kjellaren. Opphavelig hadde taket raude takpanner, som seinare er skifta ut med grå skifertakstein.”



*“Innvendig stod kyrkja først med umåla
tømmerveggar, men ved flyttinga i 1878
vart dei kvitmåla. Den gamle altertavla vart
lagra på loftet, og sokneprest Wraamann
fekk laga eit forgylt trekors til alteret. Både
tavla og korset heng i dag på sideveggane
i skipet.”*



“I 1912 måla sokneprest Christensen eit nytt altarbilete som han gav til kyrkja, med Kristi Oppstode som motiv. Året etter vart det laga ei stor ramme til tavla, og dette førte til ei auka interesse for å utsmykkje kyrkja. Arkitekt Mattias Brekke frå Ørsta var konsulent for arbeidet, der det vart laga nye benkar og tømmerveggane og taket kledde i veggstrie og papp.”



“Kunstmålaren Johan Haddal fekk oppdraget med å dekorere tak og veggar, og skapte i 1914 den vakre dekoren med sterke fargar som er inspirert av norsk folkekunst, særleg rosemålinga. Innimellom blomane er det måla kristne symbol, som engel, kalk og kors. I kortaket er måla symbola for dei fire evangelistane, og på gallerifronten er det motiv henta frå Johannes Openberring og profeten Ezekiel.”



Romprogram

Romprogrammet er utarbeida i samanheng med Arena Ulstein, då det vart vurdert å leggje den nye kyrkja inn i det nye sportsannlegget. Det er framleis under endring, men inntill vidare, tek eg utgangspunkt i dette for prosjekteringa.

Det kan godt vere at eg ser at romprogrammet kan endrast når eg kjem i gang med prosjekteringa av den nye kyrkja. Difor må det stå opent kva dei endeleg kvadratmetarane vert, men dei primære ønskja og behova til soknet er kartlagt i dette romprogrammet.

Kyrkjerom og andre samlingsrom

Gudstenesterom inkl altar-/korparti	800m ²
Galleri	?m ²
Kyrkjelydsal	120-150m ²
Kyrkjestove	60m ²
Våpenhus	?m ²
Dåpsventerom	40m ²
Kapell	80m ²
Sakristi	40m ²

Driftsrom

Kjøken med anretningar og lager	70m ²
Garderobe og toalett	40m ²
Lager	?m ²

Barne- og ungdomsavdeling

Undervisningsrom	60m ²
Grupperom	60m ²
Samlingsrom	70m ²
Barnehage	250m ²

Kontor og administrasjon

Kontor	80m ²
Møterom	20m ²
Personalrom med tekjøken	20m ²
Rom for kontorutstyr	5m ²
Nærarkiv	10m ²
Bibliotek	15m ²
Arbeidsrom/verkstad	25m ²
Vaskerom	10m ²
Utebod	12m ²

Totalt	1500m ²
--------	--------------------

Vurderte tomter

- Utarbeida av Kyrkjekontoret, Ulstein sokn og Ulstein kommune.



Det har vore mange tomter inne til vurdering for ny kyrkje. Mange av desse tomtene er ikkje sentrumsnære, har stor avstand til eksisterande kyrkjebygg og er med på å viske ut den sterke rolla kyrkja har i Ulsteinvik sentrum i dag.

Tomta som byr på mest moglegheiter er også den tomta som vekkar dei største reaksjonane og protestane. Den tomta er sjølv kyrkjetomta, med tankar om tilbygg direkte forbundet med den gamle kyrkja. Det er eit ønskje om at kyrkja skal få tilbygget på same tomta som den står på no for å sikre vidare aktiv bruk av det gamle kyrkjebygget. Det er nettopp dette ønsket som gjer denne oppgåva interessant og som dannar utgangspunktet for min masteroppgave.

Spørsmål som kjem ut ifrå desse ønskje er mange. Er det rett å plassere 1500kvm ny kyrkje knytt til den gamle kyrkja (500kvm) som er lista hos riksantikvaren, og som også står på ein gravplass midt i sentrum?

Korleis skal dette gjerast for å oppnå eit harmonisk samspel mellom nytt og gammalt, emosjonelt og funksjonelt, stort og lite, arbeidsplass og sermonirom?

Atmosfæra ein finn i gamle kyrkjebygg, kan den kombinerast med ei arbeidskyrkje? Kan vi få dei som brukar kyrkja kun til seremoniar til å ha felles nytte av eit kyrkjebygg som dei som er aktive og driv med viktig samfunnsoppgåver og som treng ein praktisk arbeidsplass?


Kan ein ta vare på identiteten til staden og den kjenslelada verdien av kyrkjegarden inn i nytt prosjekt?

Alle desse spørsmåla vert aktuelle ved å ta utgangspunkt i at den nye kyrkja skal byggjast på den eksisterande kyrkjetomta. Det er nettopp dette utgangspunktet og valet om denne tomta som gjer denne oppgåva interessant for meg som arkitektstudent og for utviklinga vidare for Ulstein Kyrkje.



Tidlegare forslag

Skisseforslag om utviding av eksisterande kyrkjebygg, Ulstein kyrkje.
Arkitekt Berge. (2012)




sitt plasser stoler 444
 + galleri
 Ved å bruke/flytte eks beaker
 kan en oppnå flere plasser.





Skisseforslag av tilbygg på kyrkjetomta til Ulstein kyrkje,
Arkitekt Georg Grimstad. (2012?)

Forslaget har blitt brukt til offentleggjeringa av prosjektet,
med skissa som utgangspunkt for diskusjon.



Skisseforslag av plassering av ny fleirfunksjonell kyrkje
i samheng med det planlagte idrettsanlegget
Ulstein Arena,
Lund + Slaatto Arkitekter i samarbeid med
Nils Tveit. (2011)



Skisseforslag til urnelund ved Vik Kyrkjegard
ved Ulstein Kyrkje.
VEST landskap AS. (2008)

7/66,97

7/127

8/4

7/126

7/658

eksisterende
mur

eksisterende tre

ny
mur

urnelund

løk.

kistegraver

nye tre

boksom-
hekksamlings-
plass

roser

benk

kastanje tre

samlings av
gamle gravminne

grusplass

eksisterende tre

roser

eksisterende
mur

Kyrkjebakken

X 69 6500

X 69 6500

Tidlegare konkrete forslag

Bergeskissene vart utarbeida for å kunne diskutere ei utviding av kyrkja i gamal stil, med utgangspunkt i store endringar av den gamle kyrkja. Dette vart raskt skrinlagt, då det var tydeleg at dette ville endre den gamle kyrkja i alt for stor grad. Det kom difor inn tankar om at det mest respektfulle for den gamle kyrkja, var å teikne noko som er tydeleg adskildt mellom nytt og gammalt.

Difor vart det teikna eit forslag frå Georg Grimstad som viser ei skisse av prinsippet med å teikne eit tilbygg til kyrkja. Dette forslaget var det første og einaste forslaget som vart presentert offentleg i Ulstein, og det vekte store reaksjonar og engasjement. Det resulterte i underskriftskampanje mot heile prosjektet. Eg meiner mottakelsen kunne ha vore betre om det som vart presentert for folket var meir skisseaktig, og mindre voldsomt og dominerande. Presentasjonen viser ikkje hensyn til identitet, sentimental verdi eller respekt for eksisterande atmosfære.

Forslaget frå Lund og Slaatto om nytt kyrkjebygg i forbindelse med Ulstein Arena viser at kyrkja ikkje er prioritert, og er med i programmet som ein ekstrasfunksjon som ikkje får den plassen den fortener. Difor er det lett å sjå at dette ikkje vart teke vidare, sjølv om dei bidreg til diskusjonen med sine sentrumsanalyser og forslag til kyrkje plass i hagen til presten.

Urnelunden på Vik kyrkjegard vitnar om eit ønskje om å ta tak i kyrkjegarden som ikkje er godkjent for vidare bruk. Eg meiner forslaget er verdig for minnesmerka og gravene som allereie er der. I tillegg er det utarbeida ei god analyse av gravlunden, som kan hjelpe meg i mitt arbeid. Dette forslaget vart lagt på is, når tankane om nytt kyrkjebygg kom.



Mål og meining med oppgåva.

Med min diplom ønskjer eg å oppnå å kunne finne det riktige svaret for ny kyrkje som gjer at det møter velvilje hos folket og riksantikvaren, samt sikre ein god grobotn for vidare, aktiv bruk av Ulstein Kyrkje.

Målet med oppgåva skal vere å finne eit holistiske svar på alle utfordringane som gjer denne oppgåva så givande både for meg som arkitekt og for kyrkja si rolle i samfunnet. Det konkrete svaret skal visast i eit prosjektert anlegg som tek med seg ønsket om meir rom for å godt arbeid, vern av ein kulturarv og eit samspel mellom nytt og gammalt behov.
Oppgåva skal gi eit verdig byrom for ei raus folkekyrkje.

Arkitekturen skal hjelpe kyrkja å utføre alle sine oppgåver i samfunnet, og legge tilrette for eit lavterskeltilbod for omsorg og fellesskap. Arkitekturen skal hedre eit varmt og inkluderande menneskesyn, med breidde som struktur for eit godt fellesskap.

I eit livssynsnøytralt samfunn, er det viktig å vise at vi har ei kulturarv som i utgangspunktet vil bidra til forsterking av eit godt menneskesyn og ein refleksjon rundt livsperspektivet.

Oppgåva skal feire eit livssynsope samfunn.



Byrommet og situasjon

Kyrkja har ei sentral plassering i Ulsteinvik sentrum. Likevel viser omgivnaden lite respekt for byrommet rundt kyrkja. Det er mykje vei, parkering og lite tiltalande areal utan program. Dette vil eg ta tak i i mi oppgåve, og gjere kyrkja til ein naturleg del av sentrum, samt sikre omgivelser som gir gode byrom rundt kyrkja og sentrum.

Vern

Kyrkja er listeført hos riksantikvaren, noko som innebærer at alle endringar må godkjennast av riksantikvaren.

Dette gir ein motivasjon for å alltid ha gode grunnar for kva eg finn av løysingar, og ta ekstra omsyn til å ta vare på essensen til dei sentrale parametarane.

Lys og Landskap

Kyrkja ligg på Sunnmøre med ein dramatisk natur rundt seg, med eit spesielt kystlys. Tomta som kyrkja ligg på har ei stigning på 1:6, har mange flotte tre, og er sørvendt. Tomta er ikkje lenger godkjent til gravplass, men det er likevel mange forelda graver der. Ein respekt og eit medvite arbeid med landskapet og riktig behandling av lyset både lokalt på tomta og regionalt vil vere ei styrke for oppgåva.



Universell utforming

Universell utforming er eit sjølvfølge i eit anlegg som skal feire alle mennesker med all sin diversitet. TEK 10 har mange reglar for dette, som kan vere veiledande, men ikkje bestemmande for korleis den universelle utforminga utartar seg i prosjektet.

Bærekraft og det vakre

Eit bærekraftig perspektiv og ein miljøetikk som viser eit reflektert syn på virket sin eksistens i samfunnet, er vakkert og eit sjølvfølge.

Gode val på nødvendige funksjonar, antall kvadratmeter og kubikkmeter, samt material, logistikk, og ulike klimasoner er i denne samanheng viktig.

Arkitektoniske val basert på eit samspel mellom lys, landskap, estetikk og bærekraft gjev det vakre i prosjektet ein djupare dimensjon i medvite av vårt nærvær i ei større heilheit.



Prosess

Prosessen skal leite etter det riktige svaret, og vil på ingen måte vere linjær. Eg ser for meg å jobbe i ein syklus der idear, intuitiv handling, utteikna forprosjekt, detaljar, delworkshops, svevande inspirasjon, konkret regelbunden prosjektering, leikande søking, alvorleg grubling og fagleg diskusjon skal etter fleire runder, føre meg fram til eit svar som inneheld mange dimensjonar og ei gjennomføring av prosjektet som tek hand om heile bilete. Produksjon av presentasjonsmateriale skal vere med heile veien, slik at eg til ein kvar tid kan kommunisere prosjektet og ideane gjennom eit arkitektonisk språk.

Arkitekturfilosofi

Arkitektur er kunst, kunst er natur, natur er kunst, kunst er arkitektur. Eg trur at gjennom arkitektutdanning, virket og erfaring, har vi som arkitektar eit trena blikk. Arkitektar er ikkje skaparar, men er øvde i å forstå ei kontekst som resulterer i å kunne finne, grave fram og synleggjøre eit potensiale i form av gode fysiske omgivnader.

Eg vonar eg finn potensialet og essensen i søket om det riktige og naturlege svaret på oppgåva mi.

Guten til steinhoggaren:

Korleis visste du at den skulpturen var inni den steinen?

- Ukjent opphav.



Litteratur, kjelder og samtalepartnarar

*“Kirken som bygg og bilde
Rom og liturgi ved et tusenårsskifte.”*

Arne E. Sæther
ISBN 82-992135-1-7

s 26

Utdrag fra www.riksantikvaren.no

s 28-35

Tekst og bilete fra
*“Sunnmørskyrkjene
- historie, kunst og arkitektur”*
Øystein Ekroll og Per Eide (foto)
ISBN 978-82-93273-00-4

Motivasjon og intensjon for ny kyrkje,
Margit Louise Holtet, Sokneprest Ulstein

Innsikt i prosessen om ny kyrkje,
Soknerådet i Ulstein

Foto s. 29, 31, 33, 35 Per Eide

Teikning s. 27, Gustav Osnes

Aquarell s. 7 og 61, Landscapes of Flø,
Einar Magne Flø

